

**NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 11/2018, 31. AUGUST 2018.**

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

**STADIG FLEIRE PARKERINGSBØTER**

Det ser ikkje ut til at feilparkeringane tek slutt, trass i fleire kontrollar og parkeringsbøter frå politiet si side. Dei som kan bør sykle eller gå til høgskulen, eventuelt ta buss og kompiskøyre. Det ser ut til at det er trangare på parkeringsplassane våre i år enn nokon gong tidlegare, men det kan vere lurt å sjekke om det er ledige parkeringsplassar bak paviljongane ved Strøm/Aasen og på parkeringsplassane ovanfor symjehallen/idrettsbygget og Kaarstad. Nokre få fleire parkeringsplassar blir tilgjengelege når stillasa blir fjerna frå Henrik Kaarstad-huset, men det er ikkje planar om å byggje fleire parkeringsplassar i haust.

**100 STUDENTAR GJEKK PÅ KURS I STUDIETEKNIKK**

I samarbeid med STIV har Elisabeth Teige og Eirik Hammersvik (begge ASH) halde eit vellukka kurs i studieteknikk. Over 100 studenter deltok på kursa.

**HVO-DIREKTØR KAREN LOMELAND JACOBSEN SKAL STYRE DIGITALISERING I HØGARE UTDANNING**

Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen er utpeika som eitt av 18 medlemmer av Digitaliseringsstyret som skal vere med på å styre det nyskipa organet UNIT (Direktoratet for IKT og fellestjenester i høgare utdanning og forskning). Styret har nett hatt sitt føste møte. UNIT er samansett av dei tidlegare organa Bibsys, Ceres og delar av Uninett. Universitet og forskingsinstitutt er tungt representert i styret, og Høgskulen i Volda kan oppfattast som representant for dei minste UH-institusjonane.

<https://www.unit.no/>

**HVOS ØKONOMIDIREKTØR INGUNN WELLE GIR RÅD OM FINANSIERING AV HØGARE UTDANNING**

Økonomidirektør Ingunn Welle har i år vore med i ei arbeidsgruppe utpeika av UHR (Universitets- og høgskulerådet) som har vurdert regelverket for finansiering av etter- og vidareutdanning (EVU). Dette viktige aktivitetar for Høgskulen i Volda, så det er bra at vi har vore representert i denne gruppa. Framlegget frå arbeidsgruppa er no på høyring på høgskular og universitet. Gruppa sitt mandat.

<https://www.uhr.no/om/nyhetsarkiv/tolking-av-regelverket-for-finansiering-av-etter-og-videreutdanning.1711.aspx>

---

**FAG OG FEST: SEMINAR OG FESTIVALAR I STUDIEBYGDA VOLDA HAUSTEN 2018**

Hausten er ei spennande og travel tid for mange på og ved Høgskulen i Volda. Vi har mange faste faglege seminar og meir festlege arrangement, både som studentar og tilsette sjølve står bak, men også i samarbeid med ei rekkje lokale, regionale og nasjonale aktørar. Her er eit oversyn over dei mange arrangementa. Lukke til til alle involverte!

**STUDENTHUSET ROKKEN**

Oversyn over arrangement: [https://www.rokken.no/?lang=no\\_NO](https://www.rokken.no/?lang=no_NO)

**SUNNMØRE KAMMERMUSIKKFESTIVAL 2.-8. SEPTEMBER**

Den årlege Sunnmøre Kammermusikkfestival blir arrangert 2.-8. september 2018 med konsertar og andre arrangement på Høgskulen i Volda, Hareid, Ørsta, Leira (Bjørke) og Volda kyrkje.

Programmet finn du her: <http://www.kammermusikkfestival.no/>

### **SEMINAR OM HVO-HISTORIE 6. SEPTEMBER**

Historisk institutt arrangerer torsdag den 6. september ope seminar om historieskriving for UH-institusjonar generelt, og HVO spesielt. Bakgrunnen for seminaret er at dei komande åra vert ei rekke jubileum for Høgskulen i Volda. Neste år, i 2019, er det til dømes 25 år sidan Høgskulen i Volda blei til gjennom fusjonen mellom DH-skulen og Volda Lærarhøgskule (1994) og i 2020 er det både 125 år sidan Volda lærarskule vart starta og 50 år sidan Møre og Romsdal Distriktshøgskule i Volda vart starta. På oppdrag frå rektor held derfor Historisk institutt eit seminar om høgskulehistorie, med ein rekke fagfolk som har arbeida med høgskule- og universitetshistorie.

Føremålet med seminaret er å drøfte korleis ein ved HVO kan markere desse jubilea. Bør det skrivast eit jubileumsverk? Korleis det det leggst opp og kva bør då vere temaet? Heile historia om Volda som lærestad, eller noko meir avgrense ved historia til lærarhøgskulen, distriktshøgskulen eller den samla høgskulen som vart skipa i 1994? Seminaret vil også ta for seg kva vi har av kjelder til historia i Volda.

<https://www.hivolda.no/hvo-historie-treng-vi-det>

### **PRESENTASJON AV NYBYGGET "SIVERT AARFLOT-HUSET" (MEDIEHUSET), 12. SEPTEMBER**

Det nye mediehuset med prosjektnamnet "Sivert Aarflot-huset" er ute på anbod, og dei innkomne tilboda vert opna 5. september og presenterte 12. september. Dei innkomne tilboda vil bli presenterte i form av plakatar i kantina i Berte Kanutte-huset.

### **ANIMATION VOLDA 13.-16. SEPTEMBER**

Årets internasjonale animasjonsfestival blir arrangert i Volda 13.-16. september. Finn ut meir om Animation Volda på festivalens Facebook-side:

<https://www.facebook.com/AnimationVolda>

### **FORSKINGSDAGANE 2018: 19.-27. SEPTEMBER**

Programmet for Forskingsdagane 2018 på Høgskulen i Volda er no klart, og det blir over 25 arrangement. Det nasjonale temaet i 2018 er "Oppvekst". Nasjonal nettside for Forskingsdagane:

<https://www.forskingsdagene.no/>

Offisiell opning av Forskingsdagane i Volda blir fredag 21. september med utdeling av FoU-prisen for 2018. Forskarar frå høgskulen er også representerte på Voldadagen laurdag 22. september. Utanom arrangementa i Volda blir det også arrangement på Sæbø, i Ulsteinvik og i Fosnavåg. På nettsida nedanfor finn du både programheftet og omtale av einskildarrangement i regi av Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/forsking/forskingsdagane/forskingsdagane-2018>

### **VOLDADAGEN, 22. SEPTEMBER**

Voldasamfunnet viser seg fram for kvarandre og for nye studentar i Propellhallen i sentrum. Lag, organisasjonar og bedrifter presenterer seg. Arrangørarar er Volda Næringsforum og Sparebanken Møre. Høgskulen i Volda er representert med faglege bidrag, som ein del av Forskingsdagane.

<https://www.facebook.com/events/208414093319132/>

### **"DET GODE LIV. HEILE LIVET". OM OPPVEKST. 25. SEPTEMBER**

"Det gode liv - heile livet: Oppvekst - frå fragmentering til samskaping" er tittelen på ein konferanse som blir arrangert i samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre ("Sjustjerna"), Helse Møre og Romsdal og Høgskulen i Volda. Program for konferansen finn du her:

<https://www.hivolda.no/dgl18>

**KARRIEREDAGANE 2018: 26.-27. SEPTEMBER**

På Karrieredagane blir store delar av Høgskulen i Volda omgjort til ein arena der 10.klassingar på Sunnmøre og i Nordfjord får møte representantar for vidaregåande skular, opplæringskontor, høgskular og arbeidsliv i privat og offentleg sektor. Intensjonen er at elevane skal få oppleving og smakebitar av utdannings- og yrkesvegane i fylket. På Søre Sunnmøre koordinerer Høgskulen i Volda prosjektet. Invitasjon til årets Karrieredagar vart sendt til grunnskulane frå Fylket, som har ansvar for påmeldingane. I samband med Karrieredagan i Volda, kjem det ut eit eige karrieremagasin. Magasinet blir distribuert i eige opplag til deltakarsskulene, og ut i postkassene til alle på Søre Sunnmøre.

<https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>

**KUNNSKAP I VEKST: "EI GLOKAL VERD", 4. OKTOBER**

Årets konferanse har tittelen: "Ei global verd. Korleis finne balansen mellom det globale og det lokale. - Korleis leve "globalt"?" Konferansen blir arrangert på Høgskulen i Volda, og i samarbeid med Volda Næringsforum, STIV og Sparebank1 Søre Sunnmøre.

<http://www.kunnskapivekst.no/>

**KOMPETANSEUTVIKLING I MØRE OG ROMSDAL: 5. OKTOBER**

Helse Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU Ålesund arrangerer 5. oktober konferanse om kompetanseutvikling i helse- og sosialsektoren og offentleg sektor i Møre og Romsdal. Høgskulen i Volda er teknisk arrangør og seminaret blir halde på Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/konferanse/kompetansebehovMogR>

**UTDANNINGSDAGANE, 31.OKTOBER - 1.NOVEMBER**

På Utdanningsdagane får elevar i vidaregåande skule besøke Høgskulen i Volda for å få innblikk i livet som student. Alle høgskulen sine fagområde får høve til å vise seg fram for framtidige studentar. Kvar ein skild elev får sjølv velje fagområde dei vil sjå nærare på.

<https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>

**BARNEHAGEKONFERANSEN 2018 (ÅLESUND), 1.-2. NOVEMBER**

Barnehagekonferansen er eit årleg arrangement for pedagogisk tilsette i barnehagar, PPT, barnehageansvarlege i kommunar og høgskuletilsette. Høgskulen i Volda arrangerer konferansen i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal. Konferansen er ein av dei største konferansane i Møre og Romsdal, og er alt fullteikna!

<https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>

**OG I 2019 KAN DET VERE VERD Å NEMNE ...**

- **STUDENTVEKA OG STUDENTREVIEN**
- **DOKUMENTARFILMFESTIVALEN**
- **X2-FESTIVALEN**
- **KAARSTADFESTIVALEN**
- **BYGDESUS**

På våre nettsider finn du også eit oversyn over faste arrangement:

<https://www.hivolda.no/studentliv/aktiv-fritid-volda>

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

### Hausten 2018

- 2.-8.9. Kammermusikkfestivalen: <http://www.kammermusikkfestival.no/>
- 6.9. Seminar om HVO-historia
- 10.9. Møte med Volda kommune (rektoratet/direktør - ordfører/rådmann)
- 12.9. Presentasjon av tilbud om bygging av Sivert Aarflot-huset (Det nye Mediehuset).
- 13.9. Styremøte 5/2018:  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 13.-16.9. Animation Volda: <https://www.facebook.com/AnimationVolda>
- 14.9. Disputas: Torhild Høydalsvik (AHL), disputerer ved OsloMet:  
<https://www.hivolda.no/disputas-torhild-hoydalsvik-ahl-disputerer-ved-oslomet>
- 14.9. Disputas: Mette Vårdal disputerer ved UiB: <https://www.hivolda.no/disputas-mette-wardal-disputerer-ved-uib>
- 19.-27.9. Forskningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/forskningsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 4.10. Kunnskap i vekst
- 5.10. Seminar på HVO: Kompetansebehov og -strategi for Møre og Romsdal (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal m.fl.)
- 8.10. Framlegg til statsbudsjett blir presentert av regjeringa
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen):  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO:  
<https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018, Ålesund: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>
- 8.-11.11. Fellesadministrasjonen på reise til London
- November: Rektorval
- 6.12. Styremøte 7/2018:  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

### Viktige datoar i 2019

- Semesterstart 2019-2020, tysdag 20. august 2019.

### HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

### REKTORBLOGGEN:

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

30.08.2018: Henrik Kaarstad-huset: Nytt tak på 96-åringen:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/08/30/henrik-kaarstad-huset-nytt-tak-pa-96-aringen/>

Skiferhellene på Kaarstad-huset vert lagt om.

[27.08.2018: Statsbudsjettet 2019: Kva kan HVO vente av Iselin Nybø?](#)

Høgskulen må arbeide politisk for å få gjennomslag for viktige saker.

**HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:  
<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>